

SØKNAD OM BAKKEPLANERING

Som eigar av gard 48, bruk nr. 4 søkjer eg om løyve til å fylla tilkjørt masse på ein del av utmarksområde.

Området ligg inntil nybygde skogsbilveg (Rollandsvegen) som går over min eigedom. Ein del av fylling/skråning endar i ei svært blaut myr, og det er gunstig å få massar til å fylla på dette området. Området er omlag 30 x 75 meter (ikkje målt). Eksisterande myr skal ikkje gravast opp, men fyllmasse leggjast oppå. Området kan derfor nyttast på fleire måtar, m.a. kan det kjørast på med traktor for gjødsling ved beitebruk, eller det kan plantast på.

Massane som no er tiltenkt dette området består av blandingsvare av jord, leir og morene/stein. Området skal fyllast opp til det blir naturleg helling for vass-avrenning.

Vassbakk & Stol kan dokumentera at massane er godkjent for slikt bruk.

Rolland 28.10. 2023

Ole Rolland

Ole Rolland